

Saksnr: 2021/44173-69
Saksbehandlar: Rune Åland

Ikkje offentleg: jf. offl. § 26 2. ledd, tildelt utmerking

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--|-------------|----------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering | | |

Utviklingsstipend - Idrettsutøvarar 2021

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og integrering tildeler sju utviklingsstipend innan idrett for 2021, kvar på kr 40.000,- til følgjande søkjarar:

| | Namn | Kommune | Klubb | Idrett | Alder |
|---|-------------------------|---------|-----------------------------|----------------|-------|
| 1 | Einar Bjørvik | Bergen | Fana Roklubb | Roing | 18 |
| 2 | Julie Dicko Erichsen | Bergen | Laksevåg Turn og Idrettslag | Turn - apparat | 20 |
| 3 | Markus Mogstad Barth | Bergen | Bergen badmintonklubb | Badminton | 21 |
| 4 | Bård Bjørnevik Skogen | Sveio | Haugaland Golfklubb | Golf | 20 |
| 5 | Julia Jordanger Loen | Gloppen | Breimsbygda IL | Vektløfting | 19 |
| 6 | Sindre Sætren Myklebust | Sogndal | Sogndal IL | Alpint | 19 |
| 7 | Sunniva Helland-Hansen | Kvam | Rossvoll Volleyball Klubb | Sandvolleyball | 24 |

Løyvinga utgjer til saman kr 280.000,- frå konto 400.410.07

Samandrag

Idrettsutøvarar frå Vestland markera seg årleg med gode nasjonale og internasjonale prestasjonar. Målet er å gje stipendmottakarane høve til vidareutvikling og motivasjon. Det er utarbeidd retningsliner for tildeling av stipenda, og i samsvar med dette gjev Olympiatoppen Vest råd til innstillinga. Stipendet har vore formidla ut til aktuelle kandidatar gjennom blant anna fylkeskommunen, idrettskretsen og Olympiatoppen Vest sine kanalar. I budsjett for 2021 er det løyvd 280 000 kroner til utviklingsstipend til unge lovande idrettsutøvarar. Det kom inn 62 søknadar, 39 gutar og 23 jenter frå 18 kommunar i Vestland, og to kommunar utanfor Vestland. 27 idrettar er representert. Fylkesdirektøren si tilråding vert lagt fram for Hovudutval for kultur, idrett og integrering i møte 17. november for vedtak.

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Idrettsutøvarar frå Vestland markera seg årleg med gode nasjonale og internasjonale prestasjonar i ulike idrettsarrangement. Hordaland fylkeskommune har kvart år sidan 1996 delt ut utviklingsstipend til unge lovande idrettsutøvarar som representerte klubbar i Hordaland. Sogn og fjordane har ikkje hatt ei liknande stipendordning. Vestland fylkeskommune har vedteke å vidareføre dette utviklingsstipendet, og vil for andre gong dele ut dette stipendet under fylkestinget 16. desember i år.

Målet med stipendet er å gje mottakarane høve til vidareutvikling og motivasjon for vidare satsing innan den aktuelle idrettsgreina. Det er utarbeidd retningslinjer for tildeling av stipenda, og i samsvar med dette gjev Olympiatoppen Vest råd til innstillinga. Ved tildeling av stipenda vil kriteria som prestasjonar, potensiale, framtidsmål, alder og plan for vidare satsing innan idretten vektleggast tungt, samt at ein ser på fordeling av kjønn og geografi. I tillegg ynskjer ein å vise mangfaldet i søknadane gjennom å gje stipend til ulike idrettar. Ein person kan berre få stipendet ein gong, vere i aldersgruppa 16 til 25 år og må representere ein klubb i Vestland. Utøvarar som får toppidrettsstipend frå Olympiatoppen fell utanfor målgruppa.

Denne stipendordninga er forankra i regional kulturplan for Hordaland, der det under innsatsområde 37 Idrett står følgjande: *Idrettsutøvarar i mange idrettar markerer seg med gode prestasjonar både nasjonalt og internasjonalt og set Hordaland på kartet. Stipend til unge lovande utøvarar og trenarar, og markering av OL og VM medaljørar (senior), er med å stimulere og inspirere til vidareutvikling i sin idrett.* I regional kulturplan for Sogn og Fjordane blir det under punkt 8.1.1.3 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv lagt vekt på *enkelte idrettar som krev kostbart utstyr*, og som ein veit er ei ekstra utfordring for å kunne halde fram med idretten sin i denne aldersgruppa som stipendordninga er for.

Stipendet har vore kunngjort på fylkeskommunen si heimeside og på Facebook. I tillegg har idrettskretsen og Olympiatoppen Vest formidla informasjonen om stipendet ut via sine kanalar til mellom anna særkretsane og dei vidaregåande skulane med toppidrett. Søknadane måtte sendast inn via søknadsskjema på heimesida til fylkeskommunen innan fristen 1. oktober 2021.

I budsjett for 2021 er det løyvd 280 000 kroner til utviklingsstipend til unge lovande idrettsutøvarar. Kvart stipend er på 40 000 kroner og såleis vil det delast ut til sju prioriterte utøvarar. Det kom inn 62 søknadar innan fristen, 39 gutar og 23 jenter frå 18 kommunar i Vestland, i tillegg til to kommunar utanfor Vestland. 27 idrettar er representert.

Vedtak om tildeling av stipend er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. Det er såleis klagefrist på vedtaket innan 3 veker etter at det er motteke skriftleg underretning.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Løyvinga er innanfor budsjetttramma for 2021.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014-2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Utviklingsstipendet til idrettsutøvarar vil vere eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i dei to gjeldande regionale kulturplanane. Det legg til rette for at unge lovande utøvarar skal kunne representere ein klubb i Vestland fylke, og samstundes kunne prestere på nasjonalt og internasjonalt nivå i idretten sin.

Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at utviklingsstipendet blir vedteke som lagt fram i denne saka.